

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Strandvik

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag: Revnestrand

Oppskr. av: Hori Haga

Gard: Haga

(adresse): Baldersheim

G.nr. 105 Br.nr. 203

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Juletre og julehalm.

1. No er det og har lenge vore vanlegt å ha juletre i heimane her i bygdi.
2. Det fyrste ein veit om at nokon hadde juletre her var kring 1885. Det var skulelærar Lars Arvik som fyrst tok til med det i heimen sin.
3. Det var berre i heimane dei hadde juletre fyrst her. Den fyrste juletrefesten her i bygdi var joli 1915. Då stelte godtemplarlosjen, som hadde fått seg hus i 1913, til juletrefest for borni. Sunnare har slike festar vore årvisse bote for born og vaksne.
4. Ein veit ikkje om at det har vore brukt å pynta med grønt i stovone til jol, før juletreet kom i bruk, anna enn at dei ströyddde frisk finhakka brakje på stovegolvet og gonggolvet.
5. Papirpynten kom i bruk samstundes med juletreet. Då tok ein til å laga duskar av kulört papir til å festa under lampe, festa grøne greiner med papir rosotkar i kring bileti på veggene og slik. Det var mest borni

som fekk stella til solis.

6. Storleiken på jolotrei i heimane er svært ymse. Det er mest etter kor stor plass ein har i stova.
7. Bol Hage f. 1875 fortel at dei fyrste jolotrei ho hugsar var der ikkje lys og kular på. Dei var pynta med papirlekkjer og med papirkrøger som der var neter og kandisukker i, og so hengde dei epler på. Bornu tykte det vart stor stas då dei kring 1890 fekk lys og kular til å ha på jolotreet. No er det sume som ikkje har anna pynt på jolotreet enn lys og glitter. Men dei fleste bruka enno kular og kulelekkjer og papirkrøger altåt lyosi og glitteret.
8. Dei fleste stader er det mori og bornu idag som pyntar jolotreet.
9. Der ein har liten plass har ein gjerne jolotreet på eit lite bord. Har ein god plass står det på golvet, gjerne i eikrå men slik at ein kan trekkja det fram når ein vil gå rundt det.
10. Lyosi kvikjer ein alltid jolafta, og då går bornu og dei vaksne idag kring treet og syng jolesalmer. Bornu kvikjer gjerne lyosi kvar kveld i tulgi og når andre bodu kjem innum på vitjing. Nyårsafta er det mest som jolafta, då set ein nye lys i alle stakar, og dei vaksne går med bornu kring treet.
11. Når ein går saman kring jolotre syng ein jolesalmer og jolesanger. Skrigsari vart ogso fedrelandssalma

brukt, soner som siste verset. I seinare
år har det på joltefestane også vore brukt
å syngge kristelige ungdomsønger, har eg høyr
Det er berre kristelige salmar og songar som
vert songne kring jolte.

12. I alle fall har ein jolte inne til over
nyttår, til trettande dag eller tyondedag.

13. Det er jamnart borni som haustar
av jolte den dagen ein ber det ut.
Nokon viss dag for det har ein ikkje,
men jamnart er det trettandedag jol.
Her seier me „å hausta julatre“

14. Det mest vanlige her er fura. I fyrste
tidi var det berre fura. Men etter har
tok til å verte granplantfelt har same
teke gran til jolte. Men då granen
mirser bare mykje for ein fura, so er
det framleis fura som er foretrekt til jolte

15. Har ikkje høyr om at nokon har laga
nokonslags erstatning for jolte. Her er
alltid råd å få tak i ein topp om ein
vil ha det.

16. Ein kjemmer ikkje til at det har vore
sett opp noko tre utanfor huset
jolekvelden. Det er alltid eit eller anna
tre nær ved brusi til å bitte fuglebande i.
Eller har eg også sett at fuglebande har
vore sett i låvegjøggen.

Julehalva.

1. Gamle folk her hugsar godt at ein
bar halva åt stove jolafte.

2. Ein viska halmen saman i våndbar
som ein bar inn i ein kveitel, for

4

ikke å spilla halm i tunet.


3. Ein la halmvåndlen i ei krå i stova, låyste den opp og stelte til flatsenger.

4. Det var gamal skikk i bygdena her at heile husdyren sku sova i stova jolenatti. Husbondsfolk og born hadde sengene i stova den tidi. Men det var tenara og vakene born som hadde soveplassene sine andre stader som sku sova i julahalmen i stova. Dette var det slutt med for det meste kring 1870-1880. Men Bol Haga fortel om ei gamal taus som var hos foreldri hennar at so lenge ho livde (døydde 1889) laut dei kvar jol bera inn jolehalmen til henne. Når dei spurde kvifor ho plent vilde det svara ho borte: "Da a no da tryggaste so". Det var borte jolenatti dei låg i jolehalmen, men den skulde ikke utbærast før den fyrste vyrtedagen etter joledagen. Då bar dei ut jolehalmen og sopa ut braka hakke på golvi.

Det var skikk i den tidi å vaka yver jolenatti. Det var no helst ungdomane det galt. Då laut dei sjølosagt vera i stova som var einaste varmekuset på garden. Når husbondsfolki la seg sette dei unge seg i halmdatten. Dei held seg vakne med å knekkje ruter, leggja reven og anna slikt små-morro, og å leggja opp og gissa gator. Lyset brann i stova heile natti. Det var ei kapping kven som griddde vaka lengst og "sava dei andre". Dei brukte å segya: "han soom i datten". Det ordtalet brukast her emne om den som sovna mot sin vilje.

4256

Ein natalik heiter „á leggja ræven“. Ein sa
ogso „á losa ræven“. Ein laga ein „ræv“
av nater. Der var tre nater i hovudet,
tre i halsen, tre i kvar fot, tre i kvar
klo, 6 i ryggen og 7 i rúmpa.

Den ság slik út: 

So skulde ein annan sm seg frá bordet og
„losa ræven“ utan á sjá på hann og utan á
telya på fingrane. Fyrst sa hann „háve
hónsaba“ tre gonger, ein gong for kvar nát.
so var det „hals higré“ tre gonger, so
„fot fetadyr“ tre gonger, so „klo klabba“
tri gonger, det var ein framfoten, og so det
same for andre framfoten. Deretter kom
ryggen, det var „ryggen raüsnaü“ 6 gonger,
so var det bakfötene det same som
framfötene. Síðt var det so „rúmpa
slengornbusta“ sju gonger.


Den som les dette rett hadde vinnu
ræven og fekk alle dei 43 natene.

Ein annan leik var á „riva tjuauset“
eller „ta tjuauset“.

Ein laga tre samanhengande firkantar
med 5 nater i kvar vegg. Fyrste fir-
kanten var „mitt hus“, den tredje
var „ditt hus“ og den i mitten var
„tjüen sitt hus“. So skulde dá ein
segja „mitt hus á ditt hus“ med den
andre tok vekk ei nát av kvar tá dei
firkantaru slik at der vart teke 11
nater av kvart „hus“ etter kvart som

br. 3—
4256

6 den eine las. Sist var det å sege
„tjüen sitt hus“ eller „tjuahuset“ 16 gonger.
Ein måtte ikkje sjå på eller telja på
fingrane. Den som les dette rett
hadde „rive tjuahuset“ og fekk alle
dei 38 natene.

„Tjuahuset“ såg slik ut. 

En kvinne skulle ikkje eta bær kjerna
or ei tonetta - ho kunde då eingong
i tida få tvillingar.

Når ein hadde ei tonetta kunde ho
„leggja opp tita“. Dei åt då kvar sin
kjern or tonetta og avtala at når
dei treftest på ein viss stad - eller ei
viss tid kunde dei ropo „tito mi“. Den
som tungsa å ropo det først hadde
vunne tita, og den andre var då
skuldig han ei gáva. Kva gáva skulle
vera kunde vera avtalt på forhand,
eller etter fritt val etter som dei var
vorne einige om. Denne liiken hadde
ungdomarne mykje moro med for.

I den seinste tida har dette
vorte kalla filipine.

Ymse leikar med nøter.

Ein nataleik heiter "å leggja ræven". Ein sa ogso "å læsa ræven". Ein laga ein "ræv" av nøter. Der var tre nøter i hovudet, tre i halsen, tre i kvar fot, tre i kvar klo, 6 i ryggen og 7 i rumpa.

So skulde ein annan snu seg frå bordet og "læsa ræven" utan å sjå på han og utan å telja på fingrane. Fyrst sa han, "håve hønsaba" tre gonger, ein gong for kvar ^onøt. So var det "hals higre" tre gonger, so "fot fætadyr" tre gonger, so "klo klabba" tri gonger, det var eine framfoten, og so det same for andre framfoten. Deretter kom ryggjen, det var "ryggjen rausnau" 6 gonger, so var det bakfötene det same som framfötene. Sist var det so "rompa slengombusk" sju gonger.

Den som les dette rett hadde vunne ræven og fekk alle dei 43 nøtene.

Ein annan leik var å "riva tjuahuset" eller "ta tjuahuset". Ein laga tre samanhengande firkantar med 5 nøter i kvar "vegg". Fyrste firkanten var "mitt hus", den tridje var "ditt hus" og den i midten var "tjuen sitt hus". So skulde då ein segja "mitt hus å ditt hus" med den andre tok vekk ei nøt av kvar tå dei firkantane slik at der vart teke 11 nøter av kvart "hus" etter kvart som den eine las. Sist var det å segja "tjuen sitt hus" eller "tjuahuset" 16 gonger. Ein måtte ikkje sjå på eller telja på fingrane. Den som les dette rett hadde "rive tjuahuset" og fekk alle dei 38 nøtene.

Ei kvinne skulle ikkje eta bae kjerna or ei tonstla - ho kunde då eingong i tida få tvillingar.

Når ein hadde ei tonstla kunde to "leggja opp tita". Dei åt då kvar sin kjerne or tonstlo og avtala at når dei trefte på ein viss stad - eller ei viss tid kunde dei ropa "titi mi". Den som hugsa å ropa det først hadde vunne tita, og den andre var då skuldig han ei gåva. Kvax gåva skulde vera kunde vera avtalt på forhand, eller etter fritt val etter som dei var vortne einige om. Denne leiken hadde ungdomane mykje morro med før. I den seinste tida har dette vorte kalla filipine.